

Godt fornøgd med Eidsvik

19.03.2013

Norled har no ferge nummer 3 på stutt tid inne hos Eidsvik i Uskedalen og regionsjef Andre Utåker seier til uskedalen.no at konsernet er godt fornøgd med den jobben verftet har gjort så langt. No er det Vikingen som ligg der og Utåker opplysar at det er både ein reparasjon og nokre andre arbeider som skal utførast. Reparasjonen har samanheng med at ferga fekk ein bulk i baugen då ho kom borti ein lem. Men regionsjefen reknar med at Vikingen vil vera klar att om 2 dagar.

- Vi i Uskedalen er glad for at Norled satsar på Eidsvik...
- Ja, og du må gjerne opplysa at vi er svært godt nøgde med den jobben skipsbyggeriet har gjort med våre ferger så langt. Derfor er det svært truleg at vi kjem til å overlata fleire oppdrag til verksemda i Uskedalen, seier regionsjefen.

Av Ola Matti Mathisen